




Nr 2, 2020
Mota nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

møte:plassen

Eit magasin frå Undheimkyrkja

**Eline Fosse -
UKUF sin nye
ungdomsarbeider
side 7 - 8**



**Etterlengta
gudsteneste
side 4 - 6**

**Heia Undheim
side 14 - 15**

**For barna
side 18 - 19**

møte:plassen

2 - 2020

15. årgang

UTGJEVAR: Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
GRAFISK UTFORMING:
Hanne Brit Sandsmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
May Brit Merland Arnø
Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373
4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Foto på framsida:
Eline Fosse trivst saman med
ungdommiane på Øya
videregående skole.
(Foto: Amalie Holm)



«TAKK- NEMLIG...»



- For en nydelig dag. Sola skinner, himmelen er blå. Flere og flere markblomster titter opp av jorda, etter hvert som det går mot sommer. Fuglene har det travelt. Fugleungene skal mates. Selv om skitt-staren kan irritere med sine «kvitteringer» både på stuevindu og bilpanser, er det flott å se og oppleve aktiviteten for at livet, også i fugleriket, skal gå videre. Første-slåtten er unnagjort hos de fleste, lorten er spredd, og så kom regnet, heftig og vætende!

Jeg har bønder som mine nærmeste gode naboer. Jeg gleder meg over både slått, lortspredning, regn og ny vekst. Jeg er så takknemlig for å få se og observere alt som skjer rundt meg i naturen på flotte Jæren.

- Gudstjenestene er i gang igjen. Pandemi-tid har utfordret oss i forhold til å kunne komme sammen. For oss som kirke har vi gjort en ny krevende erfaring kirken aldri har gjort før. Men nå samles vi igjen til gudstjeneste og rundt nattverdbordet, vi døper og vi forkynner Jesus Kristus. Jeg er så takknemlig for å få være på lag med Jesus og alle brødre og søstre i misjon.

- Så leste jeg dagens bibelord fra Bibelleserplanen. Det var fra urkirkens tid i Apostlenes gjerninger. Det var heftig strid også den gangen, og en sak måtte avklares. Noen av de kristne ville at alle nye kristne skulle følge Moseloven og omskjæres. Hele evangeliet stod på spill. Heldigvis, Jesu opplæring av disiplene hadde satt dype spor i dem, tross alt, så dype at evangeliet Jesus hadde forkynt, ikke ble ødelagt. Peter stod fram som lederen, og konkluderer i stridsaken, og for kirken for all ettertid. Han sier i Apostlenes gjerninger kapittel 15, vers 10 og 11. « Kvifor vil de då utfordra Gud og leggja på nakken til læresveinane eit åk som verken fedrane våre eller vi var i stand til å bera? Nei, det er ved Herren Jesu nåde vi trur at vi blir frelse, vi liksom dei.» Dagens bibelord om Guds nåde gjør meg takknemlig og glad.

- Skulle jeg nevnt flere grunner til takknemlighet i dag? De er egen-tlig uendelige.....

Signa dag levd i Herrens nåde.

Kjell Børge Tjemsland - prost i Jæren prosti

Min sang

Dette er ein sang eg har blitt veldig glad i.
Me sang den i begravelsen til min kjære søster.

Eg liker teksten veldig godt,
og den har ein flott melodi.
Den har mange vers,
så eg har tatt med dei eg likar best,
Sangen står på nr. 492 i den nye salmeboka.
Den er skriven av Johan Alfred Blomberg og
omsett til norsk av Anders Hovden.
Men det er nok Bjørn Eidsvåg som har gjort
sangen mest kjend med sin vakre melodi.

Rita Louise Vigdø Søyland

*Ein fin liten blome i skogen eg ser,
i granskogen diger og dryg,
og vent mellom mose og lyng han seg ter,
han står der så liten og blyg.*

*Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøynd
der skuggane tyngja deg må?
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløynd,
til ringaste blom vil han sjå.*

*Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,
der folk kunne skoda på deg?
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,
eg føddest til skogblome, eg.*

*Ein dag vil den stormande vinter deg nå,
då vert det vel dødsdagen din.
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,
til vårsola kysser mitt kinn.*

*Som blomen om vinteren visnar eg av,
men gled meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav,
mi sjel, ho er heime hos Gud.*

*Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong
i morgonen ævelig klår,
og blanda med heilage englar min song
i himlen, dit døden ei når!*



EI ETTERLENGTA GUDSTENESTE



Sokneprest May Brit Merland deler ut nattverd under den første gudstenesta på tre månader i Undheim kyrkje. Frå venstre Tordis Sandvik, May Åse Strøm, Kåre Sigurd Undheim, Møyrfid Hersdal og Ole Hersdal.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

2. pinsedag, 1. juni, vart det igjen klart til gudsteneste i Undheim kyrkje. Ei gudsteneste mange hadde sett fram til.

Det vart sterke møte gjennom tale, song og ikkje minst nattverd. 1. juni 2. pinsedag var på dagen tre månader sidan sist gudsteneste i kyrkja på Undheim. Sjølv sagt har arbeidet i kyrkjelyden vore merka, men likevel har det vore mange og gode møte i perioden då kyrkja var stengt.

Og utfordringa frå gudstenesta var klar gjennom dette salmeverset:

*Gå gjennom byens lange, rette gater
du sommerlyse Helligånd.
Stryk ømt henover slitte, grå fasader,
og rør de trette smilebånd,
så troen gror og håpet bor
der dørene blir åpnet for de andre.*

Det var ikkje ei fullsett kyrkje denne junidagen. Sjølv om ein har opna opp litt etter kvart, måtte ein følgje smitteverntiltak som mellom anna handvask, avstand og registrering av frammøtte. Denne dagen var det to gudstenester, ei klokka 10.30 som vanleg og ei kl. 12.00 for familiær.

STOR GLEDE

Gunvor Sikveland (88) og Magna Tunheim (73) hadde begge sett fram til gudstenesta og fellesskapet. Og dei vart ikkje skuffa.

– Korleis har det vore i tida utan gudstenester?
– For meg har det vore ei litt spesiell tid sidan eg måtte på sjukehus og fekk eit lite opphold på Sivdamheimen, fortel Gunvor og legg til at det ikkje skuldast koronasjukdom.

Gunvor kjende på eit sakn at det ikkje var gudsteneste i kyrkja. Ho bur no berre eit par hundre meter frå kyrkja.

– Eg gledde meg veldig til den første gudstenesta. Då klokken ringde i god tid før gudstenesta, måtte eg ut på verandaen for å høre etter. For meg vart det som ei høgtid. Det er ikkje sjølv sagt at vi har Guds ord så tilgjengeleg, seier Gunvor som var den første som vart ønskt velkommen til gudstenesta.

Gunvor fortel at ho hadde avtalt å vere saman med ein son og svigerdotter.

– Kunne ikkje dei kome, hadde eg nok ikkje kunna gått, seier Gunvor som er ein trufast kyrkjegjengar.
– Eg trivst så godt her.



Gunvor Sikveland gledde seg veldig til gudstenesta i Undheim kyrkje.

såg at det skulle vere gudsteneste igjen. Eg sette både kryss i kalenderen og skreiv ein gul lapp så eg ikkje skulle gløyme det. No kjenner eg at det er godt at kyrkja igjen er open. Men eg har følgt med på nettet og fått med noko av det som har skjedd, men det blir aldri det same som å gå i kyrkja sjølv.
Magna fortel at ho går mykje tur til Undheim, og då er ho alltid rundt kyrkja og på gravplassen.

– Dette er mitt hus og min plass, seier ho og legg til at mange av hennar folk har tilhald her. Då er det viktig for meg å sjå til at alt er godt på gravene deira.

GODT Å VERE TILBAKE

Det same gjer Magna Undheim.

– Eg har hatt det ganske godt i tida med nedstenginga. Men eg har ikkje vore i kyrkja og treft søskena mine slik som vanleg, fortel Magna. – Og så har det vore vondt å ikkje kunne treffe mannen min Tor Helge som bur på Bryneheimen. Heldigvis får eg møte han no, og det er godt for oss begge.

– Eg vart så glad når eg



Magna Undheim er glad for vere tilbake i fellesskapet i kyrkja.

Fortset på neste side

HIMMEL OG JORD SKAL FORGÅ,
MEN MINE ORD SKAL ALDRI FORGÅ.
MARKUS 13:31

EG FANN DINE ORD OG ÅT DEI,
DINE ORD VART TIL FRYD FOR MEG
OG TIL GLEDE FOR HJARTET MITT.
FOR DITT NAMN ER NEMNT OVER
MEG, HERRE, ALLHÆRS GUD.
JEREMIA 15:16



På grunn av smittevern måtte alle i kyrkja registrere seg.
Frå venstre Anne Lise Undheim som registerer ekteparet Pia Norunn og Ivar Risa.



Her har fleire familiar samla seg til den andre gudstenesta på 2. pinsedag.

Å få med seg denne songen og helsinga frå Hjalmar Arnø til slutt i gudstenesta gav oss alle ei påminning og oppmuntring at Guds nåde alltid er med oss:

*Remember to love one another
And do what is pleasing to Him
Be strengthened by grace
And worship in reverence and awe
The God of peace*

*And grace be with you all
And may the Great Shepherd
of the sheep
Equip you with all things
For doing His will
And grace be with you all*



*May Brit Merland Arnø famnar alle
og lyser velsigninga over heile bygda.*

Gler seg til å arbeide i UKUF

Tekst: Steinar Sandvik Foto: Amalie Holm

I august byrjar Eline Fosse (21) som ungdomsarbeidar i Undheim kyrkje.
10. august skal Eline Fosse vere på plass som ungdomsarbeidar i 30 prosent stilling på Undheim. Jobben mellom ungdommane i UKUF skal ho kombinere med studiar.

OPPVAKSEN I UKUF

– Eg gler meg skikkeleg til å byrje i stillinga, seier Eline. For henne er det på mange måtar som å kome heim. Ho har gått gradene i UKUF frå ho starta då ho byrja i 8. klasse på ungdomsskulen. Og det gjekk ikkje lenge før ho vart valt inn i styret. Frå påsketider i 8. klasse til ho flytta frå Undheim for to år sidan har ho vore med i styret, den siste tida også som leiar i styret. Og no er ho tilbake, men denne gongen som tilsett.

EIN GOD SKULE

– Eg opplevde UKUF som ein trygg og god plass, og det var her eg har fått vekse i trua med trygge og gode leiarar rundt meg. Og her har eg hatt mange og gode venner.
– No blir det litt spesielt å kome tilbake der eg skal vere leiar og møte ungdommane på ein god måte. Men eg har gått i ein god skule i UKUF og har mange gode førebilete mellom leiarane der.

LÆRT MYKJE

Samstundes er det viktig for Eline å vere seg sjølv, men både gjennom UKUF og ikkje minst dei to åra ho har budd i Trøndelag har betydd mykje. Der har ho fått ei rik erfaring. Men ho har hatt god kontakt med miljøet heime på Undheim.

– Eg er ganske ung enno, men eg ser fram til å vere leiar mellom ungdommane og vere ein trygg vaksen i arbeidet saman med dei unge. Eg gler meg mest til å møte ungdommane og bli kjend med dei. Så håper eg at det vert rom for mange og gode samtalar om både trua og livet.

Sidan UKUF ikkje har hatt faste samlingar det siste året, er Eline spent på om ungdommane vil kome tilbake til kyrkja.

Eline ser fram til å samarbeide med Asle Steinbru som er prosjekteiar for Ung i Time.



Frå 10. august byrjar Eline Fosse (21) som ungdomsarbeidar i UKUF.

MILJØARBEID

Etter fullført vidaregående skule med helsefag flytta Eline til Trondheim for å gå eitt år ved bibelskulen Gå Ut Senteret som vert drive av Normisjon. Ho likte seg godt i Trondheim og kunne tenkje seg å bli eittåring ved bibeleskulen.

– Men eg oppdaga at Øya vidaregående skole på Kvål i Melhus kommune også søkte etter eittåring/miljøarbeidar. Dermed søkte eg på begge plassane og fekk plass på Øya vgs som også vert driven av

Normisjon, fortel Eline. – Og her skal eg vere ut skuleåret før eg flyttar heim til Jæren og Mossige. Der skal eg bu i det gamle huset eg vaks opp i.

Eline fortel at arbeidet mellom elevane på Øya har vore veldig interessant og lærerikt. Skulen har både ungdomsskule og vidaregåande skule.

– Stort sett har eg vore med på aktivitetar saman med elevane på Øya. Mange av elevane bur på internat, nokre på hybel og andre heime. Eg har for det meste vore saman med ungdommane på kveldane og på aktivitetar i helgane. Arbeidet har vore utruleg spennande og kjekt, men også utfordrande.

– Det er første året skulen har hatt eittåring, og vi har vore to som har delt på oppgåvene, fortel Eline som har budd i Trondheim by og pendla til skulen – omlag ein times busstur kvar veg.



Dei siste to åra har Eline Fosse halde til i Trøndelag. Det siste året som eittåring. Her er ho saman med elevar på Øya vidaregående skole i Melhus.

VELKOMMEN TIL UNGDOMMANE

Eline skal kombinere jobben på Undheim med studiar ved Vid Stavanger (tidlegare Misjonshøgskulen). Ho er alt i gong med eit 50% nettstudie i trusopplæring og trur det kan kombinerast godt med arbeidet som ungdomsarbeidar.

Til slutt vil Eline Fosse gjerne at ungdommar frå Undheim kjem til kyrkja på UKUF sine samlingar.

– Eg håper og ønskjer at alle ungdommane ønskjer å kome på ungdomskveldar og det eg tenkjer å arrangere, og det som dei unge sjølve kjem med forslag på kva dei ønskjer å gjere. Når eg byrjar 10. august, håper eg at ungdommane er klar over det og tek kontakt, seier Eline.

– Så til alle ungdommar som ynskjer å samlast, ha det kjekt saman og finne på mykje sprell: Ta kontakt, eg ser fram til å bli kjend med alle og bruke tid saman.

– Alle er velkomne, helsar Eline.



Konfirmant 2021

Konfirmasjonstida i kyrkja er ei spanande tid. Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkommen til konfirmasjon i kyrkja.

I konfirmasjonstida får du læra meir om deg sjølv og om Gud. Du får anledning til å reflektera over nokre av livets små og store spørsmål saman med andre. Vi snakkar om sorg og glede, tvil og tru. Bli med på ei spennande reise fram til den høgtidelege konfirmasjonsdagen.

Påmelding på www.time-kyrkja.no

Utleige konfirmasjon

Søndag 2. mai 2021 vert det konfirmasjon i Undheim kyrkje. Då er det høve å leige kyrkjekjellaren med kjøkken til konfirmasjon for konfirmantar på Undheim.

Torvald Tjåland, leiar i styret for Undheim kyrkje, opplyser at det er sett frist til 20. juli i år til søkje om leige av kyrkjekjellaren 2. mai neste år.

– Vi vil føreta loddtrekking mellom dei som søkt om leige. Svar på søknaden vert sendt innan ei veke etter søknadsfristen. Det er også frist på ei veke for takke ja til tilbodet, seier Tjåland.

Han legg til at det er høve å sjå på lokala. Då er det berre å ta kontakt med Torvald Tjåland på tlf. 913 59 619 eller e-post einarmalenius@gmail.com.

Søknad om leige kan sendast til nemnde e-post, eller på telefon til Torvald.

*INGEN ER SOM DU, HERRE.
DU ER STOR,
NAMNET DITT ER STORT OG MEKTIG.
JEREMIA 10:6*

JEG TROR NÅR JEG TVILER

*JEG TROR PÅ SOLA
SELV NÅR JEG IKKE SER DEN.*

*JEG TROR PÅ SOMMEREN
SELV NÅR DET SNØR TETT.*

*JEG TRO PÅ GUD
SELV NÅR JEG IKKE FORSTÅR HAN.*

*JEG TROR PÅ LYS OG LIV
SELV NÅR DET ER MØRKET,
SELV NÅR JEG ER SVAK,
SELV NÅR JEG TVILER.*

JEG TROR.

RAGNHILD BAKKE WAALE

Med kyrkja som heimekontor

Tekst: May Brit Merland Arnø

Denne våren har det vore spesielt å vera prest på Undheim.

Med avlyste gudstenester og arrangement, og stengde kyrkjedører i påska har det vore ein spesiell vår.

Då landet vårt vart stengt ned i midten av mars, starta eg med heimekontor i Gydasvei 44 på Hommersåk, der eg bur. Eg vart fort klar over at dette ikkje var ein verande stad, med ein mann



Når veret har vore fint, har May Brit prest kunne nytte sola og tatt lunsjpausen i solstolen. Mange kom oppom.
(Foto: Hjalmar Arnø)

med heimekontor og ei dotter som skreiv Bacheloroppgåve. Så eg bestemte meg for at mitt «heimekontor» i koronatida skulle vere i Undheim kyrkje, og at kyrkjedøra skulle vera open dei dagane eg var på kontoret.

Kvar dag når eg har vore på kontoret, har eg bore ut informasjonsbukken og sett den langs vegen, slik at folk skulle vite at presten var i kyrkja. På skiltet står det:

Treng du nokon å prata med, ein turpartner eller litt praktisk hjelp, desse dagane?

Då er du velkommen til å ta kontakt med May Brit prest

*Eg har for tida mitt heimekontor i kyrkja.
Kom bortom eller ring med på tlf 467 94 518.*

Eg har alltid tid til deg!

Gode Gud,
eg treng
litt medvind nå,
ein ny vår og varm luft
og glimt av himmel.

Amen



*Denne bønna står på infobukken og ønsker folk velkommen inn i kyrkja.
(Illustrasjon May Brit Merland Arnø)*

Og mange har nytta seg av dette tilbodet. Eg har vore i kyrkja 3 dagar i veka i snart 3 månadar, og eg har knapt nok vore åleine ein einaste dag. Nokon kjem innom for å tenne lys i lysgloben, nokon sett seg berre ned i kyrkjerommet for å vere i stilla, nokon slår av ein prat med presten og nokon avtaler eit tidspunkt for ein samtale.

Seinast no i dag, når eg skriv dette, kom ein liten 2-åring innom saman med far sin. Då fekk presten både slengkyss og ei lita hand som vinka «ha

det», når guten glad og fornøgd kunne setta seg på traktoren sin og fortsetta turen.

I tillegg til å møta alle dei som har kome inn i kyrkja, har eg også hatt gode møtepunkt med folk langs vegen, til og frå butikken. Nokre dagar har eg vore på tur rundt i bygda saman med gode turvener og andre dagar har eg rusla meg ein tur på eigenhand.

I SOLVEGEN

I påskeveka, når veret vart så fint, sette eg meg utanfor kyrkjedøra i solstolen for å eta lunsj. Eg hadde tenkt å lese litt fagstoff denne ettermiddagen, men eg rakk aldri å koma i gang. For når folk såg at eg sat der i solstolen, kom dei oppom for å slå av ein prat. Så no går eg berre under namnet «solstolpresten» på kyrkjekontoret på Bryne.

Alle desse møtepunkta har gjort denne tida så uendeleg verdifull for meg. For å vere kyrkje handlar om å møta folk, akkurat der dei er i livet.

SAKNA FELLESSKAP

Kvar morgen når eg har kome til kyrka, har eg gått inn i kyrkjerommet og tent det store Jesus-lyset i lysgloben. Det har skine kvar dag.

I tillegg har eg tent eit av dei små lysa i globen. Det lyset har eg tent for kyrkjelyden og bygda vår. Og når eg så har sett meg ned i kyrjebenken for å be, har eg hatt åno og bygda å kvila auga på, gjennom vindua der framme. Det har vært sterkt å sitta slik å be for folk og bygd og kjenna på at noko grunnleggande har mangla i kyrkja. Folka. Ei kyrke utan folk, kyrkjelyden, er ei tom kyrkje. Og eg har kjent kor sterkt eg har sakna fellesskapet i lag med dykk.

STOR GLEDE

Difor var det med stor glede at me igjen kunne feira gudsteneste i lag i pinsa. Gravferder og dåpsgudstenester for familiar har me hatt heile tida. Men det å kunne ynskje folk velkommen inn i kyrka til fellesskap og nattverd, har me ikkje kunne gjort.

Me er no så smått i gang igjen og eg kjenner på stor glede over å vera prest på Undheim. Denne tida med «heimekontor» i kyrkja, med moglegheit for å møta folk der dei er i livet, har gjort noko med meg. Det er godt og meiningsfullt å vera prest her på Undheim.

*Eit lys i lysgloben og bønn for folket og bygda her.
(Foto: May Brit Merland Arnø)*



Me treng fleire faste givarar

VIL DU HA EI LEVANDE OG AKTIV
KYRKJE PÅ UNDHEIM?


Frode Skårlund

Me treng di deltaking for å få dette til. Kyrkja treng folk som gjer av si tid og sine pengar – så enkelt er det. Overføringar me får utanfrå er ikkje nok til å finansiera det arbeidet me driv i dag.

Det er mykje me vil! Me vil ha ein prest i full stilling, eit aktivt barne- og ungdomsarbeid, trusopplæring, omsorgsteneste (diakoni) og me vil vera misjonerande. Nå har me tilsett ein ungdomsarbeidar, og skal me klara å finansiera det, må me ha meir inntekter (om lag 12.000 kroner i månaden).

Fast givarteneste er den beste måten å støtta arbeidet vårt på økonomisk. Det er forutsigbart for kyrkja, enkelt for deg som vil gi, og du får skattefritak for gåver du har gitt. Du set opp eit fast trekk i banken til givarkontoen i kyrkja: 3325.21.55657. Skriv gjerne «Gåve frå NAMNET DITT» i merknadsfeltet.

Velkommen som ny givar i Undheim kyrkje.
(Illustrasjon: Frode Skårlund)



KONTAKTINFO:

Sokneprest: May Brit Merland Arnø	467 94 518
Undheim sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårlund	489 97 102
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon.: Praxedes Slettebø	980 28 690
Avtale tid for dåp eller vigsel: Time kyrkjekontor:	
måndag - fredag: 09:00 - 14:00	51 77 03 77

Bøn og forbøn

Står du i ein spesielt vanskeleg situasjon, eller noko du ynskjer forbøn for? Vi er eit forbedar-team på 6 personar som vil be for situasjonen. Alt kan vera anonymt, og vi har teieplikt.

Send SMS eller ring
Tordis Sandvik 915 72 880 eller
Hanne Brit Sandmark 996 26 157

Døypt i
Undheimkyrkja
26. april



Oda Undheim

DET SKJER ET UNDER I
VERDEN, HVER GANG
ET BARN BLIR TIL,
OVER DET GRYENDE LIVET
LYSER GUDS SKAPERSMIL.
INGEN PÅ JORDEN ER
HIMLEN SÅ NÆR SOM
BARNET HAN TAR
I SIN FAVN.
NORSK SALMEBOK 591



FOR DET ER GUD SOM ER
VERKSAM I DYKK SÅ DE
BÅDE VIL OG GJER DET SOM
ER EFTER GUDS GODE VILJE
FLIPPARANE 2:13

FOLKBRYRSEG
IKKJE OM KORMYKJE
DU VEIT. DEI TRENG
BERRE Å VITE AT DU
BRYR DEG.

Gudstenester kl. 10.30

12. juli	Dåp/nattverd
16. august	Dåp/nattverd
30. august	Konfirmantpresentasjon
13. sept.	Dåp/Hausttakkefest
27. sept.	Konfirmasjonsgudsteneste
11. oktober	Dåp/nattverd
25. oktober	Nattverd. Familiegudsteneste. Lys Vaken

Dåpskjole til
gratis utlån

På kyrkjekontoret på Bryne er det ein dåpskjole til gratis utlån. Kjolen er over 100 år gammal og har 4 forskjellige luer i ulike storleikar. Kyrkjekontoret ordnar reingjering, så for dykk som treng dåpskjole er det berre å henta og levera. Ring 51 77 03 77 – kyrkjekontoret, i Erlandsbakken 6.

EN BØNN
GI MEG ET STED Å FESTE BLIKKET.
GI MEG ET MOT SÅ VÅGER ALT.
GI MEG ET HÅP NÅR STÝRKEN SVIKTER.
NÅDE NOK FOR HVER MORGENDAG.
DAVID ANDRÉ ØSTBY

Bøn og lovsong

16. september
14. oktober
11. november
Kl 19.30 – 21.00
Undheim kyrkje

Laust og fast

16. september
21. oktober
18. november
Kl 14.00 – 16.00
Undheim kyrkje
For pensjonistar og andre
som tida høver for.

Handarbeidstreff

24. august - samf.huset
21. september - kyrkja
26. oktober - samf.huset
23. november - kyrkja
8. desember - juleavslutning samf.huset
Kl 20.00 – 22.30
Undheim kyrkje eller Samfunnshuset

Heia Undheim – Kjenner oss svikta

Leiarane i «Heia Undheim» synest måten vedtaket om nedlegging av ungdomstrinnet på skulen vart gjort på svir mest.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Leiar i «Heia Undheim», Grete Gerritsen, kjenner enno på smerten etter at vedtaket i Time kommunestyre vart stadfesta av Fylkesmannen i Rogaland. Og ho nøler ikkje med å bruke sterke uttrykk.

– Det var eit svik. Slik kjende vi det etter vedtaket frå politikarane, og slik var det då Fylkesmannen godtok vedtaket. Fylkesmannen meinte det var ueheldig at kommunen ikkje følgde retningslinjene i rundskriv frå Utdanningssdirektoratet før flytting av ungdomstrinnet vart vedteke, seier Grete som får full støtte frå Tone G. Haugen og Gunn Årdal Helland i styret for «Heia Undheim».

LOVLEG KONTROLL

Vedtaket om nedlegging av ungdomstrinnet vart gjort i Time kommunestyre 17. desember 2019. Jone Edland (Ap), Geir Pollestad (Sp) og Ingrid Fiskaa (SV) fremja krav om lovlegkontroll av vedtaket. Dei meiner vedtaket er ugyldig fordi det ikkje har vore ein demokratisk prosess rundt nedlegginga.

Også «Heia Undheim» oppmoda om lovlegkontroll. Dei trekte også fram at det ikkje var høyring før avgjerda vart teken. Også FAU var sterkt kritiske til rådmannen si saksutgreiing som ikkje gav eit rett bilet av prosessen rundt saka. Det vart også peika på at elevane ikkje fekk uttale seg om saka.

OVERRASKA

I skulebruksplanen for 2014-2021 var spørsmålet om flytting av ungdomstrinnet på Undheim til Lye teke opp. Det same skjedde i før skulebruksplanen



2018-2025 vart vedteken. Men det vart ikkje noko vedtak om flytting til Lye.

– Difor var overraskinga stor då forslaget om flytting til Lye kom opp i budsjettet for 2020, seier Grete Gerritsen. – Vi hadde heller ikkje fått nokon signal i skulebruksplanen eller i forkant av sist kommuneval, snarare at det ikkje var aktuelt.

ENGASJERTE

– Kva gjer vi no? var spørsmålet dei tre i styret for «Heia Undheim» stilte. – Vi inviterte til folkemøte, gjekk på gruppemøta til dei ulike partia og hadde møte med FAU. FAU arrangerte foreldremøte der også politikarane og kommunaleiinga var inviterte, men ingen av dei ville kome, noko som skuffa oss stort. Men vi gav oss ikkje.

– På folkemøtet som samla ein god flokk, var det skriftleg og hemmeleg røysting. Over 90% av dei frammøtte ville behalde ungdomstrinnet på Undheim. Politikarane etterlyste kva folket ville, og dei fekk eit klart svar, men fleirtalet brydde seg ikkje. Ikkje ein gong fakkeltog med rundt 200 deltakrar utanfor rådhuset såg ut til å rokke politikarane, seier dei tre.

STERKT SAMHALD

Dei opplevde seinhausten i fjor som både stressande og kaotisk. Urettferdig at det politiske arbeidet ikkje fungerer. Tiltrua til demokratiet fekk eit kraftig tilbakeslag. No hadde dei berre Fylkesmannen å stole på. Men heller ikkje der nådde dei fram.

– Enorm skuffelse, var det som stod att. Og ungane som dei store taparane.

– Men vi kjende eit sterkt samhald i bygda. Sviket frå fleirtalet av politikarane – ikkje minst dei som stemde for flytting sjølv om ungdomsskulen på Undheim var programfesta, seier Grete, Tone og Gunn.

ARBEID FOR BYGDA

– Kva skjer no?

– Det vi veit er at omlag ein tredjedel av eit ungdomstrinn på 41 ungdommar (skuleåret 2020-2021) på Undheim har søkt seg til privatskule. Men dei fleste ønskjer ikkje å flytte. Dei ville helst halde fram på Undheim, seier dei tre.

– Men ein ting håper vi held fram. Og det er gruppa «Heia Undheim», seier Grete Gerritsen som står som leiar i gruppa. Forutan Tone og Gunn er også Svein Bø, Karl Tunheim og Hans Christian Høiland med i styret.

«Heia Undheim» vart stifta 20. desember 2019. Målet for gruppa er å arbeide for ei levande bygd og utvikle bygda vidare. Dei ønskjer å løfte fram 1-10 saker i året som er positivt for Undheimbygda og drøfte politiske saker som betyr noko for Undheim.

– Vi skal vakte på politikarane, og ikkje minst dei som førebur saker om bygda vår. Vi er på ingen måte knekte, og eg trur «Heia Undheim» har vore positive for samhaldet, seier Grete.

Og Gunn legg til at etter det vi har opplevd skal vi vise kor gode folk i bygda vår er.

– Vi har ei fantastisk bygd. Då er det viktig å kjempe saman for å byggje eit sterkt samhald. «Heia Undheim» kan framover verte eit godt bindeledd med ulike grupper i bygda. Kyrkje, samfunnshus, idrettslag, skule, barnehage og andre kan stå saman, strålar Grete, Tone og Gunn med tru på framtida.

– Og så håper vi at vi kan få ein ny kamp for å få tilbake ungdomsskulen vår, avsluttar dei.

Tone G. Haugen (f.v.), Grete Gerritsen og Gunn Årdal Helland frå styret i «Heia Undheim» er skuffa over at ungdomstrinnet på Undheim skule vert flytta til Lye. Men dei lover å stå på vidare for bygda.



VIKTIGE SAKER I SOKNERÅDET VÅREN 2020

Tekst og foto: Frode Skårland

Alle har fått med seg at våren 2020 ikkje blei som me hadde tenkt, og det har med òg merka i soknerådet.

Me hadde vanlege møte i de to første månadene i år, men så kom mars. Årsmøtet me skulle ha i slutten av månaden blei avlyst, og 1. april sat me i kvar vår heim framfor ein pc og debuterte med soknerådsmøte på nett. Det var godt å kunne møtast igjen i mai med sprita hender og unaturleg stor avstand i kyrkjekjellaren.

Det er godt at me nå kan opna opp igjen, og aktivitetane våre kjem gradvis meir og meir i gang.

KYRKJELYDSBLADET

Me hadde MØTEPLASSEN oppe som sak i rådet, og me er veldig glade for at me kan halda fram med eit lokalt kyrkjelydsblad for Undheim! Dette er eit godt arbeid som er viktig for oss og bygda! Steinar Sandvik, Laila Undheim og Hanne Brit Sandsmark sit i redaksjonen saman med sokneprest May Brit M. Arnø. Om det er nokon fleire som kunne tenka seg å vera med i dette arbeidet, så er dei velkomne! Redaksjonen er òg glade for innspel til saker. Takk til sponsorane som gjer at økonomien går rundt.

UNGDOMMANE

NY UNGDOMSARBEIDAR til kyrkjelyden er den saka som fortener den største overskrifta i vår. Eline Fosse har blitt tilsett som ungdomsarbeidar i ein prosjektstilling på 30 % som skal gå over tre år. I 2019 blei det gradvis mindre og mindre aktivitet i ungdomsarbeidet (UKUF) i kyrkja, og hausten 2019 og våren 2020 har UKUF lege nede. Det er ikkje slik me vil det skal vera. Både kyrkja og ungdommane på Undheim treng eit levande og engasjerande ungdomsarbeid.

Me har forventing til at det nå skal snu seg, og at det skal bli aktivitet igjen for ungdommane i kyrkja. Bli gjerne med å anbefala ungdommar å bli med i UKUF. Me treng òg vaksne som kan delta som leirarar saman med Eline.

TRENG GIVRAR

ØKONOMI. Det er ikkje gratis å tilsette folk, så det er ei stor satsing for kyrkja når me nå ikkje bare skal løna prest, men òg løna ein ungdomsarbeidar. Me håper at kyrkjelyden og bygda ser at dette betyr mykje for Undheim, og at folk vil vera med å støtta økonomisk.

I eit ungdomsarbeid er det ikkje aktuelt med



Det nye soknerådet med forskriftsmessig koronaavstand. Frå venstre Tordis Sandvik, Anne Lise Undheim, Tordis Fosse Lye, May Brit Merland Arnø, Oddvar Undheim, Ivar Risa og Hanne Brit Sandsmark. Per Arne Undheim var ikkje til stades.

høge medlemsavgifter eller inngangspengar for å få økonomien til å gå rundt. Allereie er det ein god del som støttar arbeidet vårt med ei fast gave i månaden, og det kjem òg inn litt gjennom dei offera i kyrkja som går til kyrkjelyden sitt arbeid. Takk til alle de som gir. Nå treng me auka inntekter, så bli med og gi, og har du rom for å auka det du gir i dag, så er det til stor hjelp. Me treng 12.000 kroner meir i månaden framover.


BETY MEIR FOR FLEIRE

Den siste saka me har hatt i soknerådet som me vil nemna er FOKUS. Dette er eit kursopplegg som me deltek i, og det handlar om korleis me kan vera kyrkje på best mogleg måte. Mykje av innhal-

det er overførbart til andre organisasjonar og menneskelege relasjoner. Kyrkja har mange oppgåver, og FOKUS skal hjelpe oss å få bety meir for fleire. Kva er det viktig at me då satsar på, og kva skal me gjera for at det me allereie gjer skal bli enda betre? Me er i startfasen av dette arbeidet, og eit slikt utviklingsarbeid kan ikkje bare foregå i soknerådet, men heile kyrkjelyden må vera med i det. Noko av det viktigaste me alle kan gjera, er å ta godt vare på kvarandre, vera inkluderande og imøtekommende. Slik skal alle få oppleva at det er å vera i kyrkja.

Ny dato for årsmøte er etter gudstenesta 21.6.

NY NETTSIDE ER PÅ TRAPPENE



INFORMASJON

KYRKJELEGE HANDLINGAR

AKTIVITETAR OG TILBOD

KALENDER

KONTAKT

Q:



Aktuelt

Kalender

Kontakt

UNDHEIM KYRKJE FÅR NY NETTSIDE. DEN GAMLE NETTSIDA HAR VORE INAKTIV I FLEIRE ÅR.

Ny side er på veg, og sannsynlegvis er ho oppe nå når du sit og les dette. Adressa til den nye sida skal vera den same adressa som me hadde tidlegare: www.undheimkyrkja.no. Den nye sida er oppe viss du ser at det er biletar av kyrkja vår på framsida.

FLEIRE KANALAR

Nettsida blir ein av dei digitale informasjonskanalane me har. Me treng nettsida til å ha fast informasjon om kyrkja, ha ulike kalendrar, informasjon om kyrkjelege handlingar og presentasjon av våre aktivitatar.

Framleis vil me publisera nyheiter på appen

Infoskjermen GO (kode KQ3QJ6 for Undheim) og på Facebook. Infoskjermen GO er den beste av dei, for det som blir lagt ut på Facebook kjem ikkje opp på alle sine skjermar. Facebook krever betaling om du skal nå ut til mange. Infoskjermen GO er ein app som du lastar ned, og der vil du få opp varsel om dei viktigaste nyheitene, og du kan gå inn på appen for å få ei enkel oversikt over det som skjer. Innlegg går ut på dato i Infoskjermen GO. Slik er det dessverre ikkje på Facebook, så Infoskjermen er ryddigare.

TA KONTAKT

Viss du treng å legga ut noko som har med kyrkja å gjera på våre digitale kanalar, er det best om du tek kontakt på
e-post: frode.skarland@timekyrkja.no

BARNAS SIDE

Finn 5 feil

Etter at Jesus døydde, gøynde lærersveinane seg. Dei var redde og lei seg. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Finn namn på 10 insekt!

I rutaennetet under har vi gøynt namna på 10 insekt. Namna står bortover og nedover. Klarer du å finne alle saman?

R	E	V	L	I	N	S	N	I	P
G	R	E	S	S	H	O	P	P	E
M	K	P	L	A	U	M	R	L	T
A	E	S	O	T	M	M	A	U	R
R	F	Å	P	R	L	E	T	S	O
I	J	U	P	I	E	R	E	S	V
H	O	M	E	G	S	F	L	U	E
Ø	M	U	M	I	L	U	S	L	L
N	P	I	L	I	O	G	V	P	Ø
E	K	A	K	E	R	L	A	K	K

Fargelegg!

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Men Jesus sto opp frå dei døde, og viste seg for Tomas og dei andre lærersveinane!



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement
på Sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



VITSAR

- Mamma, hugsar du den dyre vasen du var så redd for at skulle bli øydelagt?
- Ja?
- Eh, no treng du ikkje å vere redd for han lenger ...



16. og 30. august

11. oktober

8. og 22. novamber

Velkommen til søndagsskule kl. 11.00. Mogleg for store og små og først koma til gudsteneste kl. 10.30.

BABYSONG

Babysong annakvar onsdag

kl. 10.30-11.00.

(oddetalsveker, følgjer skuleruta)

Stad: Undheim kyrkje

Alder: 0 – 1 år



OPEN BARNEHAGE

Kvar onsdag, fylgjer skuleruta.
kl. 10.00 - 12.00

SUPERMIX

Supermix er eit kor/klubb for barn. Ei samling på Supermix inneheld korøving med andakt og hobbylaging i kjellaren.

8. og 22. september

20. oktober

3. og 17. november

1. og 8. desember (Ekstraøving)

Tid: Kl 17.00 - 18.00

Stad: Undheim Kyrkje

Alder: Frå 4 år og oppover

OPEN KJELLAR

Klubb for gutter og jenter med aktivitetar, andakt, spill og kiosk.

Møtes fredagar i kyrkjekjellaren

Dataar for hausten kjem seinare

Tid: Kl 19.00 – 21.00

Stad: Undheim Kyrkje

Alder: 5. – 7. klasse

UGLA

Gutelag med aktivitetar, turar og andakt.

Dato: 1., 15. og 29. september

13. og 27. oktober

10. og 24. november

Tid: Kl 19.00 – 20.15

Stad:

Frammøte på Undheim skule

Alder: 4. klasse og oppover

Digital trusopplæring

I dei siste månadene har me brukt nye måtar for å nå ut til born og unge. Me har mellom anna laga ein serie som me kallar «Godt nytt for born». Dette er samlingar med song, bibelforteljing, forslag til aktivitetar og innimellom har me hatt konkurransar.

Samlingane ligg på kyrkja i Time sin youtube-kanal og på dei ulike facebook-sidene til kyrkja. Me anbefalar alle å abonne-re på youtube-kanalen «Den norske kyrkja i Time» og følgje Undheim kyrkje og/eller Trusopplæringa i Time og Undheim på Facebook. Og så håpar me sjølvsagt at de kan dele fil-mane med borna. Me kjem til å halde fram med å lage dig-itale samlingar utover hausten også, sjølv om det nok ikkje vert like mykje som me har gjort i vår.

Ragnhild Hanssen
Trusopplærar



3. september

Krøllekveld for 3-åringar

13. september

Hausikkfest – 2-åringane får CD

24.- 25. oktober

Lys vaken (5. klasse)

13. november

Plan-B – aktivitetsdag for 6-åringar



19. nov, 26. nov, 3. des -

Fireårsklubb

6. desember

Gudsteneste med barnebibel til 4-åringane

Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mulig!

		
Høiland & Tveit BetonEntrepreneur		
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim	 SOL INSPIRASJON Dikt og oppmuntringer	UNDHEIM HANDELSLAG  undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670
	 NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400	 SjekkPunkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no
		 NOVA BEGRAVELSESBYRÅ 51 61 04 00   Hanne Brit Sandmark og Mayfrid Hersdal www.novabegravelse.no
 Byggmester Ståle N. Sikveland	<p>Ledig annonseplass Vil du støtte Møteplassen med kr 2.000,- pr år, og få annonsa di på baksida av 4 blad årleg? Annonseinntektene betyr veldig mykke! Ta kontakt med dagleg leiar Frode Skårland tlf.: 489 97 102 e-post: frode.skarland@timekyrkja.no</p>	
 Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no	 Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no	 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig
 Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10	 Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN	 Bryne Rør AS